



Resolusjon NorthConnect-konsesjon vedteken i Ullensvang kommunestyre 15.januar 2020.

NEI TIL NORTHCONNECT-KONSESJON!

Dei tre norske kraftselskapa E-CO Energi AS, Agder Energi AS og Lyse Produksjon AS og svenske Vattenfall AB har gjennom selskapet NorthConnect KS søkt konsesjon for å få bygd ein utanlandskabel på 665 km og 1400 MW frå Simadalen i Hardanger til Skottland. NVE la fram sine vurderingar før jul (sjå nve.no) - og overlet til OED (Olje- og Energidepartementet) å trekkje endelege konklusjonar. Dette skal skje etter ein ny høyringsrunde fram til 10.mars 2020.

Etter NVE sine vurderingar vil denne kabelen føre til høgare kraftpris og nettleige i Norge. Dette vil kome i tillegg til prisauke på grunn av utanlandskablane som alt er bygd eller er under bygging.

NVE hevdar at NorthConnect vil gje eit samfunnsøkonomisk overskot på 8,5 milliardar, fordelt på levetida på 40 år. Men årsaka til dette er at gevinsten til dei som tener på kabelen (kraftselskapa) er langt høgare enn alle som tapar (straumkundane).

På bakgrunn av dette, vil eg spørre ordførar Roald Aga Haug (AP) i kraft- og industrikommunen Ullensvang om hans syn på NorthConnect-prosjektet - og om han vil støtte ei fråsegn frå Ullensvang kommunestyre til Olje- og Energidepartementet om å seie nei til denne konsesjonssøknaden.

Forslag til fråsegn:

Ullensvang kommunestyre går inn for å nytte norsk vasskraft til industriell verdiskaping og fordeling i Norge, ikkje til enno meir krafteksport. Den omstridte NorthConnect-kabelen vil føre til ytterlegare auke i kraftpris og nettleige i Norge, på bekostning av store og små straumkundar. Dette vil etter vårt syn ha negativ verknad for mange lokalsamfunn og kommunar som har kraftforedlende industri. Ei eventuell utflagging av norske industriverksemdar basert på rein og fornybar norsk vasskraft, til land med lågare klima- og miljøkrav, vil vere katastrofalt for Norge som industrinasjon. I tillegg fryktar Ullensvang kommunestyre at NorthConnect kan føre til ytterlegare press på å få bygd ut vasskraft og vindkraft i sårbare naturområde.

På denne bakgrunn vil Ullensvang kommunestyre oppmode Olje- og Energidepartementet om å seie nei til søknaden frå NorthConnect KS om å få bygd ein gigantisk utanlandskabel frå Sima i Hardanger til Skottland.